



Elevane -111 dette året - samla til julefest (Foto Ola Matti Mathisen)

Uskedalen skule kan ikkje på nokon måte ta mot fleire elevar slik bygningsmassen og utarealet er i dag. Dette understrekar klubben ved skulen i ei uttale om skulestrukturen. Klubben peikar på at kommunen stort sett berre har nedslitne skular frå seksti og syttitalet. I desse vil politikarane at det skal stuas inn fleire elevar. Klubben meiner det er galskap og held fram:

'Ved Uskedalen skule har me pålegg om utbetring innan skulestart 2013. Me må på plass nytt ventilasjonsanlegg eller redusera antal personar i dei fleste av klasseromma drastisk.

Denne reduksjonen er av ein slik grad at ingen av klassane våre kan bruka desse romma i dag. Skulen har ikkje vore godkjent sidan 2006. Frå skulestart 2007 vart skulen godkjent på vilkår til 2008

I dette ulovlege bygget vil politikarane plassera omlag 70 elevar til- Skal Uskedalen skule kunne ta imot desse elevane, treng skulen ei større utbygging i tillegg til renovering. Uteareal og parkering må og utvidast'